
Fra: Leif Johnsen <ljholme@online.no>
Sendt: onsdag 8. mai 2019 13.00
Til: Postmottak Meland
Emne: Interpellasjon om kantslått frå SP og MDG

Til Ordføraren i Meland.

Interpellasjon om endring av kantslåttrutinar.

Fleire av våre store dagsaviser har dei siste dagane etterlyst handling etter at FNs naturpanel sin omfattande rapport om den globale naturtilstanden. Der slår meir enn 150 av verdas fremste naturforskarar fast at tapet av natur og anna miljøøydelegging er ein like stor trussel som klimaendringane. Insekt døyr ut 8 gongar raskare enn pattedyr, og i løpet av dei neste tiåra risikerer 40 prosent av verdas insektartar å verte utrydda - eit urovekkande høgt tal!

Insekta er heilt essensielle for oss og alt anna liv på jorda. Utan handling no risikerer me ein økologisk kollaps det er vanskeleg å sjå konsekvensane av.

Tap av leveområde er ei av hovuddrivkreftene bak masseutryddinga, seier rapporten. Menneska blir fleire, og legg beslag på meir og meir areal, urørt natur og ressursar. Insekta mister sine leveområde. Naturen tapar på grunn av vår moderne levemåte.

Men enkle mottiltak finst.

Eit døme på tiltak er såkalla "smart kantslått", som forklart av verksemda Humleskolen (sjå under). Smart kantslått går mellom anna ut på handsame vegkantane i større grad som nyanserte og oppdelte leveområde, og ikkje som lange, einsarta strekk, gjennomføre slått av urtevegetasjon i solrikt ver midt på dagen slik at vaksne insekt kan fyke unna, og så langt det er mogleg, gjennomføre kantslått av eng og urter ein gang i året, med tidlegast start 1. september.

Vil ordføraren ta initiativ til at følgjande tiltak kan gjennomførast:

Meland kommune vil innføre smart kantslått langs kommunens veier denne sommaren.

Med helsing

Sølvi Knudsen, Meland Sp og Leif Johnsen, MDG Meland,
Frekhaug 8. mai 2019.

Kjelder:

1. <http://humleskolen.no/nyheter/kantslatt-et-tveeqget-sverd/>